

STAVANGER 2008 -wiki - alt om programmet og prosjektene

Her er 2008-panelet



2008 med SubKult



Hemmeligheter i nabolaget



Virtuelle Stavanger



Gamle Stavanger



I morgen tidlig

Table with weather forecasts for Stavanger, Sandnes, Sola, Bryne, Sirdal, and Egersund.

FINN Jobb 18616 Eiendom 79098 Torget 100121 Bil 65323 MC 8334 Båt 16440 Reise 799 Sett inn annonse

AftenbladGuiden.no

# Fullt for Himlaleite

Hotell, hytter og hus i Sauda er stappfulle før det brakar laus med Himlaleite-show i kveld. Bygda vil syda av liv og røre frå og med i dag til og med søndag.



I dette snøamfi vil det i kveld sitja 1000 menneske og gleda seg til premieren på vintershowet «Mot Himlaleite». Foto: Signe Christine Urdal

Heidi Hierteland

Publisert 06.03.2008 10:35 · Oppdatert 06.03.2008 11:30

Alle hotella i industribyen er stappfulle, campingplassar og hytter likeeins. Privatpersonar har leigd ut både hytter og hus i samband med arrangementet. Når siste førestilling er ferdigspela søndag kveld vil rundt 4000 menneske har fått med seg «Mot Himlaleite». Dei tre første førestillingane er alle utselde.

Skeptikarar rekna i forkant med at ein var heldig om ein fann 200 personar som ville ta seg bryet med å gå oppover i fjellheimen mot Djuvsbotn for å sjå på samtidskunst.

Prêmiera finn som nemnt stad i kveld. Dei som skal av garde må kle seg godt, for det kan bli kaldt å sitja i eit snøamfi 600 meter over havet, minner arrangørane om. Alle deltakarane vil elles få servert varm drikke (gratis).

### Ekstrabåt

Det går ekstrabåt frå Stavanger dei fire dagane førestillinga går. I Sauda er det sett opp ekstrabussar frå sentrum og opp til Sauda skisenter. Det er også råd å kjøra privatbil opp til skisenteret.

Frå skisenteret må dei aller fleste ta seg opp til arenaen i Djuvsbotn for eigen motor. Det kan skje anten til fots eller med ski på beina. Dei som har ski tek trekket opp til inngangsportalen (turen tek cirka seks minutt). Derfrå er det ein gåtur på 500 til 700 meter inn til sjølve arenaen. Dei som skal gå må rekna med å bruka ein halvtime på turen.

For menneske som er dårlege til beins, vil det bli sett opp busskysst til Djuvsbotn.

Anne Berentsen i Kulturmeglerna, fortel at rundt 30 pressefolk er akkrediterte til arrangementet. Blant desse er fem-seks franske journalistar og tv-kanalen CNBC. Kanalen er amerikansk, men har sin eigen europeiske avleggar. CNBC er eigd av NBC. Elles har både NRK, NTB, regional -og lokalpresse meldt sitt kome, opplyser Berentsen.

### Ustabil ver

Så spørst det om dei kongelege også dukkar opp...

Værmeldinga for Himlaleite- førestillingane er vekslande. Torsdag kveld skal været visst-nok halda seg i skinet, men det kan bli verre frå fredag og ut helga.

Men arrangørane trøystar seg med at den kunstnariske opplevinga truleg blir endå sterkare i ruskevær. Og for eventuelle etternølarar så er det ennå nokre ledige sete att til førestillinga søndag 9. mars, fortel Anne Berentsen.

### Les om Mot Himlaleite på vår 2008-wiki!

Skriv din mening om denne saken

Les også Leder: Om å strekke seg mot himmelen Spektakulær kamp mot naturkreftene Sauda fikk ein smakebit av Himlaleitet i eit himla vær Smakebit i eit himla vær Snart utselt i Sauda

Skriv ut denne saken Del på Facebook Tips en venn Tips Aftenbladet Bestill abonnement

SANDNES KULTURHUS The show must go on En showkonsert hyllest til Queen Med «Glenn» Åge Sten Nilsen, band, kor og dansere Fred. 19. sept. kl. 20.00 og lard. 20. sept. kl. 21.00 Billettbestilling: 51 60 20 10

### Siste 2008



Rolf Norås blir Ka då ittepå-sjef Rolf Norås slutter som strategidirektør i Stavanger 2008 og skal fra mandag lede et prosjekt som tar seg av kulturhovedstadens langtidseffekter.

### Siste på forsiden



18 barn uten barnehageplass Barna som begynte i Sviland barnehage i høst, står nå uten barnehage. Årsak: Trygge barnehager hadde ikke skaffet nødvendig godkjenning.



Vil gi Langeland ny tillit på tinget Hallgeir Langeland skal ha førsteplassen på SV-lista til Rogaland til stortingsvalget neste høst. Det mener en enstemmig nominasjonskomite.



Truer med siste konsert - igjen Når Knutsen og Ludvigsen spiller i Trondheim lørdag kan det være siste gang duoen står på scenen sammen. Eller ikke.



Sonja har betydd alt for meg Kong Harald har ingen oppskrift på et godt ekteskap, men at han er glad for å ha dronning Sonja ved sin side, legger han ikke skjul på.

Tenk om vi kunne ha startet med blanke ark FordKuga Les mer Feel the difference Ford